

# Fylkesstrategi for miljø, klima og energi

## 2023-2026 - UTKAST

Forord .....	3
Innleiing .....	4
Resultatmål og satsingsområde .....	8
Oppfølging .....	21
Omgrep .....	26
Kjelder .....	29
Vedlegg .....	30

## Forord

I dag er vi godt kjent med at vi må løyse både klima- og naturkrisa og samtidig ta i vare FN sine 17 berekraftsmål.

Fylkesstrategi for miljø, klima og energi skal bidra til å gi retning for samfunnet Møre og Romsdal og følge opp globale, nasjonale og regionale mål om klimagassutslepp og klimatilpassing, bevaring av naturmangfald og grøn omstilling.

Fylkesstrategien er forankra i *Regional planstrategi* for Møre og Romsdal 2020-2024 (RPS) og *Fylkesplan for berekraftfylket Møre og Romsdal 2021-2024*. Regional planstrategi har fire langsigtige utviklingsmål for Møre og Romsdal, eitt for samarbeid (samarbeidsfylket) og eit under kvart av FN sine tre berekraftsdimensjonar, økonomi (verdiskapingsfylket), samfunn (inkluderings- og kompetansefylket) og miljø og klima (miljøfylket). Denne strategien følger i hovudsak opp måla under miljøfylket, men tek også for seg nokre mål under dei andre dimensjonane.

Vi har eit kort handlingsrom for å sikre ei leveleg og berekraftig framtid for alle. Saman må vi finne ut korleis vi kan kutte utsleppa og ta vare på naturen, samstundes som vi framleis skal kunne leve gode liv. Nokre av strategiane kan vere kostbare og/eller ressurskrevjande og dei miljø- og klimamessige konsekvensane må alltid vurderast saman med sosiale og økonomiske konsekvensar. Vi må få til ei heilskapleg omstilling og vi må spille på lag med naturen når vi vel korleis vi skal tilpasse oss klimaendringane. Det betyr at vi truleg må ta både tøffe og upopulære val og nedprioritere ting og aktivitetar som vi bruker tid og pengar på i dag.

# Innleiing

## Leseforklaring

Denne strategien skal gi retning til heile Møre og Romsdal på vegen mot eit berekraftig samfunn. Dette er ein strategi ikkje berre for Møre og Romsdal fylkeskommune. Når du treff på ordet «vi» i strategien, så skal du lese «vi» som alle bedrifter, alle institusjonar, alle organisasjonar, heile befolkninga og så vidare. Det er ikkje slik at alle resultatmåla er like aktuelle for kvar gruppe, her må du sjølv gjere ei vurdering om det enkelte resultatmål er relevant for deg og verksemda di eller ikkje.

Kunnskapsgrunnlaget som ligg til grunn for fylkesstrategien, finn du på nettsida til fylkeskommunen. Kunnskapsgrunnlaget tek for seg status på miljø, klima og energi i Møre og Romsdal og ser på moglegheiter og utfordringar for dei 10 satsingsområda.

Fylkesstrategien er organisert etter satsingsområde for å gjere den mest mogleg brukarvennleg i det daglege arbeidet i kommunar, næringsliv, organisasjonar, statsetatar osv. Strategien har 10 satsingsområde innan dei tre hovudtemaa heilskapleg planlegging, omstilling, involvering og kompetanse.

Dei 10 satsingsområda har fått ei side kvar kor resultatmål og kva vi skal gjere for å nå resultatmåla er beskrive. Desse 10 sidene kan du lese uavhengig av resten av dokumentet. Vi har nummerert satsingsområda for at det skal vere lettare å orientere seg og vise til dei ulike resultatmåla. Nummereringa er av praktisk karakter, ikkje ei prioritering, då alt er like viktig.

Infrastruktur, av alle slag, er avgjerande for at vi skal kunne ha eit velfungerande samfunn og for å kunne gjennomføre omstillinga som vi står ovanfor. Vi har lagt infrastruktur inn i eit av satsingsområda, sjølv om infrastruktur er eit gjennomgåande tema strategien. Infrastruktur vil og bli behandla i FylkesROS .

Tema	Mål	Satsingsområde
1 Heilskapleg planlegging	Heilskapleg forvalting og planlegging for eit berekraftig samfunn. Ivareta naturgodane og legge til rette for utvikling på naturen sine premissar.	1.1 Arealplanlegging og forvalting av natur- og kulturressursar <sup>1</sup> 1.2 Klimatilpassing <sup>2</sup> 1.3 Naturmangfald og økosystem i god tilstand
2 Omstilling	Redusere klimagassutslepp, endre forbruksmønster og minske presset på naturressursane.	2.1 Bygg og infrastruktur 2.2 Transport og mobilitet <sup>3</sup> 2.3 Sirkulær økonomi, forbruk og avfall 2.4 Matproduksjon og -konsum <sup>4</sup> 2.5 Energi
3 Involvering og kompetanse	Få med heile samfunnet på omstillinga og utvikle kunnskap og kompetanse.	3.1 Involvere, bevisstgjere og engasjere til handling 3.2 Kompetanseheving og kunnskapsutvikling <sup>5</sup>

<sup>1</sup> For å sjå heile biletet av arealplanlegging bør du også lese kapitla om Klimatilpassing, Biologisk mangfald og økosystem i god tilstand, Bygg og infrastruktur og Energi.

<sup>2</sup> Risiko og beredskap blir behandla i *FylkesROS Møre og Romsdal* og oppfølgingsplan til denne. Begge er under utarbeiding.

<sup>3</sup> Sjå også [Fylkesstrategi for samferdsel 2021-2024](#).

<sup>4</sup> Sjå fylkesstrategi for landbruk.

<sup>5</sup> Kompetansebehov vil og bli behandla i fylkesstrategi for kompetanse som er under arbeid.

Miljø og klima er eit fagfelt under utvikling og ny omgrep kjem til. Omgrep i teksten er forklart i kapittelet *Omgrep*.

For å gjere strategien mest mogleg lett å lese har vi valt å ikkje legge inn kjelder i sjølve dokumentet. Kjeldene som er nytta er samla i kapittelet *Kjelder*. I tillegg har vi samla ein del kjelder/lenker som kan vere nytte i arbeidet med miljø, klima og energi, men som ikkje er nytta direkte i strategien. Dei finn du på nettsidene til fylkeskommunen.

## Kvifor lage ein strategi for miljø, klima og energi?

Rapportar frå FN sitt klimapanel fortel at den globale gjennomsnittstemperaturen allereie har auka med over 1 grad og at oppvarminga har sin grunn i menneskeskapte klimagassutslepp.

Temperaturauken fører til eit varmare, våtare og villare klima. Vi veit at klimagass-utsleppa må nå toppen før 2025, deretter må dei gå kraftig ned til netto null utslepp. Utan umiddelbare, omfattande og vedvarande utsleppskutt vil vi altså ikkje kunne avgrense oppvarminga. Det betyr at vi ikkje lenger kan tenkje kva sektorar som må kutte i utslepp og kor mykje, men at vi må snu tankesettet til kva sektorar som framleis skal kunne sleppe ut litt klimagassar i framtida.

Samstundes med klimaendringane skjer dramatiske endringar i natur og økosystem verda over, med tap av artar og biologisk mangfald. Klimaendringane er ei viktig årsak til naturkrisa, på grunn av skiftande klimazoner, migrerande artar og nye sjukdommar. Men den viktigaste årsaka er vår bruk av areal og presset som arealbruken legg på økosystema. Robuste økosystem kan redusere moglege skadeverkingar frå klimaendringar som tørke, brann, auka nedbør og flaum. Urørt natur er no langt under 30 prosent på verdsbasis og held fram med å krympe, og vi er i ferd med å bruke opp viktige material og ressursar. Heilskapleg forvalting av natur- og kulturressursar gjennom arealplanlegging er difor eit av dei viktigaste verkemidla vi har for å løyse naturkrisa.

Tilgang til energi og infrastruktur er avgjerande for at vi skal kunne ha eit velfungerande samfunn og for å kunne gjennomføre omstillinga vi står ovanfor. Bruken av elektrisitet er venta å auke i tida framover og infrastruktur som legg til rette for transport (på veg, sjø og i lufta) er ein av sektorane som har størst negativ verknad på klima og natur.

Endringar i klima, miljø og natur kan påverke den psykiske og fysiske helsa i befolkninga på fleire måtar; frå luftvegs- og hjarte- og karsjukdom, allergi, skadar og død knytt til ekstreme værhendingar, til større utbreiing av smittsame sjukdommar og antibiotikaresistens. Stort fokus på negative konsekvensar av klimaendringar kan også føre til auka bekymring og angst.

## Mål med strategien

Noreg har gjennom Parisavtalen forplikta seg til å kutte utsleppa med 50-55 prosent innan 2030 samanlikna med 1990. Vi har eit lovfesta mål om å bli eit lågutsleppssamfunn i 2050 (90-95 prosent kutt i klimagassutslepp samanlikna med 1990-nivået). Regjeringa har i Hurdalsplattforma (2021-2025) uttrykt at kutta gjeld heile økonomien, inklusive kvotepliktig sektor.

Våre nasjonale miljømål er å ha økosystem med god tilstand som leverer økosystemtenester, at ingen artar og naturtype skal bli utrydda og snu den negative utviklinga til trua artar og naturtypar.

Møre og Romsdal har som mål å bli miljøfylke nr. 1. Dei langsiktige utviklingsmåla til Møre og Romsdal fylke, fylkesplanmåla og tilhøyrande resultatmål finn du i vedlegget.

Denne strategien skal bidra til å følgje opp globale, nasjonale og regionale mål om klimagassutslepp og klimatilpassing, bevaring av naturmangfald og grøn omstilling.

## Verknad av strategien

Fylkesstrategien er ein del av fylkesplanen (regional plan) og har same status som fylkesplanen. Det inneber etter plan og bygningslova sin § 8-2 at resultatmåla og beskrivingane av kva vi skal gjere for å oppnå resultatmåla er førande for fylkeskommunen, kommunane og regionale statsetatarar.

## Kven har laga strategien

Strategien er laga av ei breitt samansett arbeidsgruppe frå Møre og Romsdal fylkeskommune og bidrag frå Statsforvaltaren i Møre og Romsdal. Arbeidsgruppa har støtta seg på ei referansegruppe med medlemmar frå Ungdomspanelet, utdannings- og forskingsinstitusjonar, kommunar, nettselskap, renovasjonsselskap og frivillige organisasjonar.

I arbeidet er òg kommunane, ungdomspanelet, ungdomspartia og frivillige organisasjonar invitert til å gi innspel. Det er gjennomført workshopar saman med SINTEF og næringslivet om energi- og kraftsituasjonen i fylket. Fylkespolitikarane er orientert og har gitt innspel undervegs i arbeidet med strategien.

## Plansystemet i fylket

Denne fylkesstrategien er ein del av *Fylkesplan for berekraftfylket Møre og Romsdal 2021 – 2024*. Det overordna fylkesplandokumentet er organisert etter og bygger på FN sine 17 berekraftmål, det har status som regional plan, og er utarbeidd etter krava i Plan- og bygningsloven. Fylkesplanen består av 24 fylkesplanmål som følgjer opp dei fire langsiktige utviklingsmåla i Regional planstrategi 2020 – 2024 (RPS):

**SAMARBEIDSFYLKET:** Møre og Romsdal skal vere eit føregangsfylke på samarbeid, samskaping og samstyring.


**MILJØFYLKET:** Møre og Romsdal skal bli miljøfylke nr.1.

**INKLUDERINGS OG KOMPETANSEFYLKET:** Møre og Romsdal skal vere eit attraktivt og mangfaldig fylke der folk vel å bu.

**VERDISKAPINGSFYLKET:** Møre og Romsdal skal ha eit internasjonalt leiande næringsliv og ein innovativ offentleg sektor.

Fylkesplanen er kort, og inneheld berre dei 24 fylkesplanmåla og korte grunngjevingar for dei.

Fylkesstrategiar utdjupar måla i RPS og fylkesplanen. I fylkesstrategi for miljø, klima og energi vil du finne dei fylkesplanmåla som strategien går i djupna på. Figuren under viser plansystemet i fylkeskommunen.



Figur 1 Plansystemet i fylkeskommunen.

Andre planar og strategiar som er vedtekne eller er under utarbeiding er:

Vedtekne fylkesstrategiar og planar	Fylkesstrategiar under arbeid
Fylkesstrategi for attraktive byar og tettstader	Fylkesstrategi for landbruk i Møre og Romsdal
Fylkesstrategi for samferdsel	FylkesROS Møre og Romsdal
Fylkesstrategi for forsking og innovasjon	Fylkesstrategi for beredskap
Fylkesstrategi for kultur, frivillig sektor og arenaer	Fylkesstrategi for kompetanse
Regional plan for vassregion Møre og Romsdal	Fylkesstrategi for tannhelse
Regional delplan for kulturminne av regional og nasjonal verdi	
PAKT – regional plan for areal, klima og transport i Ålesundregionen	
Fylkesstrategi for internasjonalt samarbeid	
Fylkesstrategi og modell for seriøst arbeidsliv	

## Resultatmål og satsingsområde



## 1.1 Arealplanlegging og forvalting av natur- og kulturressursar

Korleis vi nyttar areala er viktig av omsyn både til klima, naturmangfald og kulturmiljø, og ofte i kombinasjon. For å sikre desse interessene er det nødvendig å avdekke alle verknader ved tiltak. Dette gjeld både planar og dispensasjonar. Herunder bør ein også stille krav om karbonbudsjett. Plan- og bygningslova er det mest sentrale verkemiddelet for å oppnå ei berekraftig arealutvikling. Myndet ligg for ein stor del til kommunane. Lova skal sikre verdifulle areal i den kommunale planlegginga basert på eit langsiktig perspektiv.

For å nå måla våre må vi ha større grad av arealeffektivitet og mindre stykkevis nedbygging. Bruk av areal skal vere gjennomtenkte og velgrunna, slik at ein forebygger at miljø og samfunn blir påverka negativt. For å unngå eller avgrense skadeverknad på miljø og samfunn skal ein gjennomføre ei rekke med tiltak: 1. unngå, 2. avbøte, 3. restaurere 4. kompensere (tiltakshierarkiet). Meir samarbeid mellom kommunar og ulike interesser er også nødvendig.

Møre og Romsdal skal jobbe for ei arealnøytral planlegging. Begrepet er ikkje eintydig definert og blir diskutert i kunnskapsgrunnlaget til denne strategien. Naturrekneskap/arealrekneskap med ei tilstandsvurdering vil kunne seie om arealbruken kan definerast som nøytral.

### **Resultatmål 1:**

**I Møre og Romsdal skal vi ha mål om arealnøytralitet (M2)**

#### **Vi skal:**

- bidra til å utvikle definisjon av arealnøytralitet og metode og kunnskap om areal- og naturrekneskap både på land og sjø.
- skaffe oversikt over framtidig behov for utbygging, og greie ut moglegheita for fortetting og transformasjon ved tiltak og planar.
- legge til rette for at kommunane nyttar natur- og arealrekneskap for ei meir berekraftig arealforvaltning og vern av viktige ressursar.
- ha oppdaterte arealplanar i kommunane for bruk av sjøareal, nærings- og industriareal og hytteutbygging i fylket der også regionale perspektiv og interesse er godt drøfta og teke omsyn til.
- restaurere anna areal til tilsvarende verdi dersom nedbygging av verdifullt landskap er uunngåeleg (frå fylkesstrategi for attraktive byar og tettstader).

### **Resultatmål 2:**

**I Møre og Romsdal skal vi ha ei arealforvaltning som vernar om viktige landskap, ressursar og økosystem på land og i sjø (M2)**

#### **Vi skal:**

- ha store, varierte og samanhengande naturområde (robuste økosystem),
- skaffe oss oversikt over karbonrike areal og sikre viktige karbonlagre.
- ha tilgang på naturområde nært der folk bur og jobbar, med samanhengande ferdselsårer og «snarvegar» som bidreg til ein grønare transport og betre folkehelse
- ikkje bygge i urørt natur.
- ha god oversikt over, stanse tap, og restaurere viktige kulturmiljø. Beskytte utvalde kulturlandskap mot nye inngrep og bruksendringar.
- ha ei arealforvaltning som vernar dyrka og dyrkbar jord mot nedbygging, og som vert vedlikehalde gjennom aktiv bruk. Omdisponere mindre dyrka jord og maksimum 100 dekar pr. år.

**Måleindikatorar**

1. SSB - Arealbruk og arealressurser (09594): Årleg utvikling
2. KOSTRA - Del av byggesøknader i område med restriksjonar som blei innvilga ved dispensasjon av kommunen (prosent)



## HEILSKAPLEG PLANLEGGING

### 1.2 Klimatilpassing

Vi vil ha ein fysisk og digital infrastruktur som er betre tilpassa eit meir krevjande klima. Med fysisk infrastruktur meiner vi vegar og el-forsyning mv., og med digital infrastruktur meiner vi tele og data.

Vi bør velje naturbaserte løysingar når vi skal tilpasse oss eit klima som blir varmare, våtare og villare. Døme er å opne opp bekker som er lagt i røyr, gjenskape tidlegare naturområde og sørge for at myr og våtmarksområde blir verna i byggeprosjekt.

Vi skal ha samanhengande naturområde som gjer at artar kan flytte i takt med klimaendringane. Møre og Romsdal skal ikkje bygge ned naturlege fordrøyningsområde som myr og liknande utan erstatningar som opprettheld balansen. Vi skal ta vare på gamalskogen som er særskilt viktig for det biologiske mangfaldet i skogen og for opptak av CO<sub>2</sub>. Riktig skjøtsel av skog bidrar til å redusere flaumskadar, rasfare og erosjon.

Møre og Romsdal skal førebygge og utbetre klimarelaterte skadar på kulturmiljø og forbetra integreringa av kulturmiljøinteresser i samfunnet sitt arbeid med klimatilpassing.

#### Resultatmål 1:

I Møre og Romsdal skal vi ha eit samfunn og ein infrastruktur som er tilpassa eit framtidig klima (M6)

##### Vi skal:

- planlegge for og tilpasse oss klimaendringar for å vere rusta og for å unngå dei mange negative konsekvensane.
- ha kompetanse om klimaendringane og klimatilpassing og planlegge for endringar i naturen som følge av endring i klima.
- velje naturbaserte løysingar for klimatilpassing der det er mogleg.
- dimensjonere samfunn og infrastruktur til å ta omsyn til venta klimaendringar, så som ekstrem nedbør, jord-, flaum- og sørpeskred og stormflod.

#### Resultatmål 2:

I Møre og Romsdal skal vi ha oversikt over risiko og sårbarheit knytt til klimaendringar i fylket (M6)

##### Vi skal:

- greie ut tiltak med omsyn til klimatilpassing.
- styrke kompetansen om klimatilpassing, inkludert effektar av klimaendringar som kan påverke folkehelsa.
- gjennomføre tiltak for å redusere skadeomfanget ved naturhendingar der dette ikkje kan førebyggjast.
- ha ein infrastruktur og organisasjon som motverkar ureining (til dømes spreiling av plast) som har si årsak i naturhendingar og klimaendringar.

#### Måleindikatorar

- Naturskader, kostnader:
- <https://www.finansnorge.no/statistikk/skadeforsikring/natur--og-vaer-skader/v2-naturskader---bygninginnbo/>



## HEILSKAPLEG PLANLEGGING

## 1.3 Naturmangfald og økosystem i god tilstand

Presset på naturressursane og urørt natur aukar, både på land og sjø. Vi har aldri vore fleire, og vi lagar, bruker og kastar meir enn nokon gong tidlegare. Ein mangfaldig natur gir økosystemtenester og kan bidra til å løse framtidige utfordringar. Det internasjonale naturpanelet (IPBES) seier at endra arealbruk er den største trusselen mot naturmangfaldet, men for stor hausting, klimaendringar, forureining og spreiling av framande arter truar også naturen. Å restaurere, beskytte og bevare økosystem bidreg til å auke biologisk mangfald, til å betre situasjonen for allereie trua artar og gjere naturen betre i stand til å møte utfordringar. Vi vil ha ein natur i god tilstand som er i stand til å møte klimaendringane og motverke dei mest alvorlege klimahendingane. Gamalskog, myr og tareskog er døme på naturtypar som kan gjere ein «klimajobb» for oss og levere naturbaserte løysingar mot overvatn, ras og erosjon. Andre naturtypar skal vi også ta vare på, mellom anna for naturen sin ibuande eigenverdi.

Forureiningslovverket i Noreg er godt og stort sett dekkande for å sikre velfungerande økosystem både på land og i sjø. Dersom forureiningsforskrifta blir følgd opp, vil t.d. forureina grunn, kloakk og gummigranulat frå idrettsarenaer vere ei overkommeleg oppgåve i vårt fylke. Vi ønsker derfor ei sterkare bevisstgjering og oppfølging av desse reglane. Vassforskrifta skal sikre at alle økosystem i sjø og vassdrag har minimum god tilstand. Oppfølging av regional vassforvaltningsplan skal ha stort fokus. Oppfølging av forsøpling på land er ein kommunal oppgåve og kan vere ressurskrevjande. Ei kartlegging og registrering av søpla kan bidra til prioritering av tiltak.

**Resultatmål 1:**

**I Møre og Romsdal skal vi ha god tilstand i minst 90 % av økosistema (M3)**

**Vi skal:**

- følgje opp regional vassforvaltningsplan med mål om god tilstand i vassførekostane.
- synleggjere og ta omsyn til kantvegetasjon og inngrepssfrie soner langs vassdraga i planprosessar (naturbaserte løysingar for klimatilpassing, betre vassmiljø og redusert avrenning, spreingskorridorar)
- følgje opp naturindeks som set tilstand på natur på land og iverksette tiltak der naturen ikkje oppnår tilstandsmål.
- bidra til å utarbeide økologiske kart på land, og starte kartlegging av marin natur i prioriterte område gjennom marine grunnkart.
- ha oversikt over forureina grunn og forsøpling og iverksette tiltak for å redusere forureining.

**Resultatmål 2:**

**I Møre og Romsdal skal vi stanse tap av artar og naturtypar/økosystem (M3)**

**Vi skal:**

- sette strenge krav ved løyve/uttale til nye arealinngrep for å stanse tap av artar, naturtypar og økosystem
- legge tiltakshierarkiet til grunn: 1. unngå, 2. avbøte, 3. restaurere, 4. kompensere
- vektlegge kulturmiljø og naturmangfald, inkludert karbonlagring og jordvern, ved val av løysing for bygg og infrastruktur.
- involvere og samarbeide med interne og eksterne kompetansemiljø, kommunar og utbyggjarar, i alle fasar i alle type prosjekt, for å minimere skadeverknader knytt til bygg og infrastruktur.
- beskytte artar og naturtypar på raudlista mot nye inngrep som vil kunne påverke utbreiing og overleving.

**6** REINT VATN OG GODE SANITÆRFORHOLD



**14** LIVET I HAVET



**15** LIVET PÅ LAND



### Måleindikatorar

1. Dekningsgrad marine grunnkart
2. Norsk Raudliste for artar og naturtypar, og fremmedartslista
3. vann-nett.no (tilstand og forureining)
4. Rekneskap over naturtypar som er planlagt nedbygd i kommuneplanar



6 REINT VATT OG GODE SANITÆRFORHOLD



9 INDUSTRI,  
INNOVASJON OG  
INFRASTRUKTUR



12 ANSVARLEG  
FORBRUK OG  
PRODUKSJON



13 STOPPE  
KLIMAENDRINGANE

## OMSTILLING

### 2.1 Bygg og infrastruktur

I Møre og Romsdal skal vi ta vare på natur og redusere klimagassutslepp, avfall, energiforbruk og kostnadene knytt til bygg og infrastruktur. For å få til dette må vi tenke nytt og prioritere annleis enn vi gjør i dag.

Vi vil ha eit samfunn der vi tek betre vare på eksisterande bygg og infrastruktur og bruke opp att, i staden for å rive og bygge nytt. Vi skal og jobbe for å auke graden av sambruk av areala.

#### Resultatmål 1:

##### I Møre og Romsdal skal vi ha berekraftige bygg og infrastruktur (M1)

###### Vi skal:

- a. arbeide for tydelege klima- og miljøkrav i anskaffingar, som til dømes:
  - klimagassrekneskap og berekraftsertifisering i prosjekt, der dette er hensiktsmessig
  - fleksible løysingar som gir lang levetid og som gir mogleheit for demontering og gjenbruk
  - involvere brukarane slik at ein oppnår høg grad av sambruk og arealeffektivitet samt fleksible løysingar
  - redusere klimagassutsleppa med 55 prosent i samanlikna med referansebygg innan 2030
  - etablere lokal energiproduksjon der det er mogleg
  - utsleppsfree bygge- og anleggspllassar innan 2030
  - avfallsfree bygge- og anleggspllassar
- b. bruke eksisterande bygg og infrastruktur der det er mogleg
  - tilpasse og vedlikehalde eksisterande bygg og infrastruktur framfor å bygge nytt
  - utarbeide oversikt over bygg og areal som står tomme og lage ein plan for framtidig bruk
  - rehabiliteringstiltak skal kombinerast med samtidig energioppgradering
  - kartlegge bygg og infrastruktur som skal rivast og greie ut kva som kan brukast om att
- c. ha høg grad av ombruk av byggematerialar og massar
  - Ingen masser bør dumpast eller plasserast slik at dei ikkje kan nyttas i framtida.
  - Etablere ombrukslager for bygningsdelar innan 2027.
- d. halde leidningsnettet ved like og ha velfungerande reinseanlegg som overheld krava

#### Måleindikatorar

1. SSB – Arealbruk og arealressurser 10781: Fysisk nedbygd areal (km<sup>2</sup>)
2. SSB - Kommunalt avløp (11793): Rens og rensekrev. Kommunalt avløp.
3. SSB – Kommunal vannforsyning (13143): Ledningsnett og tilknytning.
4. Miljødirektoratet – Utslepp fra anna mobil forbrenning



## OMSTILLING

### 2.2 Transport og mobilitet

For å lukkast med å redusere klimagassutsleppa og miljøpåverknad frå transport må vi i større grad planlegge samfunnet vårt slik at behovet for transport av varer og menneske vert lågare, og vi skal prioritere mjuke trafikantar, universell utforming og kollektivtransport.

Eit godt samanhengande kollektivtilbod er òg viktig for å oppnå eit samfunn med lågare klimagassutslepp, betre arealbruk og meir effektiv transport. Vi kan i tillegg legge til rette for meir deling, til dømes gjennom samkøyring, bildeling og bisyklar, slik at vi i større grad deler på ressursane og reduserer bilkøyring på reiser eller deler av reiser der ikkje mange kan reise i lag og i større grad bruke miljøvennlege transportformer. Samstundes må vi òg ta omsyn til næringslivet sitt behov for transport av varer og tenester som vi treng. Dette kan vi løyse ved å gjere transporten på veg og bane, i lufta og sjøvegen meir miljøvenleg.

#### Resultatmål 1:

I Møre og Romsdal skal vi legge til rette for framtidas transportløysingar (M1)

##### Vi skal:

- be om bruk av fossifrie køyretøy (luft, bane, veg og sjø) til varetransport ved alle typar innkjøp der det er mogleg
- som minimum følge *Forskrift om energi- og miljøkrav ved offentlig anskaffelse av kjøretøy til veitrafikk*. Vi skal legge til rette for at unntaka også kan bruke utsleppsfree energi.
- gjere førebuingar for å kunne møte dei varsla krava til nullutslepp for anskaffing av:
  - ferjer
  - hurtigbåtar og bybussar
  - tyngre varebilar og lastebilar
- legge til rette for ein infrastruktur med energistasjonar og ladepunkt for fornybar energi som gjer at transportsektoren (luft, bane, veg, sjø) kan bruke utsleppsfree energi framfor fossile drivstoff.
- utforme kontraktar på ein slik måte at det stimulerer til miljøvenleg teknologi, og bruke miljøvenlege materialar og metodar samt arbeide for redusert transportarbeid i kontraktar for drift, vedlikehald og utbygging. (frå fylkesstrategi for samferdsel)

#### Resultatmål 2:

I Møre og Romsdal skal vi ha reisevanar som er betre for både miljø og folkehelsa (I5)

##### Vi skal:

- gjere det trygt, attraktivt og effektivt å gå og sykle ved å bygge, utbetre og drifte samanhengande infrastruktur for gåande og syklande. (frå fylkesstrategi for samferdsel)
- ha ein infrastruktur som er universelt utforma.
- ta all vekst i persontransport i dei største byområda med auka bruk av kollektivtransport, mobilitetsløysingar, sykling og gåing. (frå fylkesstrategi for samferdsel)
- fokusere på å auke kollektivtrafikken sin konkurranseseevne

#### Måleindikatorar

- SSB – Bilparken etter type drivstoff: Årlig utvikling.
- SSB - Salg av autodiesel/bensin, årlig utvikling.
- SSB – Kollektivtransport: personkm ulike transportmidler?



## OMSTILLING

## 2.3 Sirkulær økonomi, forbruk og avfall

For å bygge ein sirkulær økonomi må vi arbeide med sirkulære prinsipp langs heile livsløpet til produkt og tenester. Vi må få på plass samarbeid som gjer det mogleg å bruke overskotsmaterial, restråstoff og overskotsenergi. Kvar enkelt bedrift og etat må utvide fokuset til å sjå på heile verdikjeda og ikkje lengre berre konsentrere seg om kjerneaktiviteten sin. Samarbeid og livsløptankegong må inn frå starten til reparasjon og ombruk.

Vi må vite korleis vi best mogleg dekker behova våre med minst mogleg ressursar, og ha kontroll på materialstraumane. Behov dekkast gjennom tenester framfor produkt der dette er mogleg. Eit eksempel på dette kan vere ein leverandørar som er ansvarleg for å holde lys, oppvarming og ventilasjon i eit bygg, i staden for at eigar av bygget kjøper desse produkta. Produkt bør også i størst mogleg grad nyttast gjennom deling og sameige, slik at ikkje alle treng å kjøpe inn og eige kvar for seg. Resultatmåla og beskrivinga av korleis vi skal gjøre det er av generell karakter. Fylkesstrategi for forsking og innovasjon tek også for seg sirkulær økonomi og peikar på havrommet som eit satsingsområde i Møre og Romsdal.

**Resultatmål 1:****I Møre og Romsdal skal økonomien vere 40 % sirkulær innan 2030 (M7)****Vi skal:**

- jobbe med haldningar for å redusere forbruk og avfall.
- bygge opp kompetanse innan design, materialbruk, optimalisering, reparasjon, redesign og gjenvinning i utdanningsinstitusjonane våre, frå barnehage til universitet.
- bruke innkjøp til å utvikle sirkulær næring og ha god dialog mellom offentlege sektor og næringslivet om komande krav.
- vurdere krav til sirkulære prinsipp ved innkjøp, så som krav om levetid, reparasjon, service, reservedelar og ombruk.
- ha konkurransedyktige næringar som jobbar etter sirkulære prinsipp ved å:
  - sjå på heile verdikjeda (inkl. sidestraumar, restråstoff og biprodukt) i prosjekt, investeringar og drift, slik at energibruk og råvareuttag blir heldt på eit minimum.
  - designe produkta våre for lengst mogleg levetid ved, høg kvalitet, moglegheit for reparasjon og ombruk og moglegheit for materialgjenvinning til sekundære råvarer av god kvalitet etter endt levetid.
  - bruke mest mogleg av ressursane der dei oppstår for å minimere transport og redusere behovet for emballasje.
  - stimulere til og legge til rette for direkte ombruk og reparasjon.

**Måleindikatorar**

- SSB - Avfall frå hushalda: Årleg utvikling totalmengde, samt årlig utvikling på materiale og behandling.
- Måleindikatorer: Fagtilbud i UH-sektor + VGS?
- Tal verksemder innan gjenbruk og reparasjon (Brønnøysundregisteret/SSB)?



## OMSTILLING

### 2.4 Matproduksjon og -konsum

For å redusere klimautsleppa og miljøbelastninga frå matproduksjonen og konsumet av mat, må ein setje inn tiltak i heile verdikjeda for mat. For all matproduksjon, både frå land og sjø, er det viktig å redusere klimautslepp frå transport gjennom mellom anna å arbeide for ein overgang til fossilfrie drivstoff og auke konsumet av lokalproduserte matvarer. Det er vidare ei sentral oppgåve å formidle forsking på korleis endra produksjonsmåtar kan bidra til lågare utslepp. Sjølvforsyning vil også vere ein viktig premiss i diskusjonen om regional matproduksjon. Det er mykje å hente ved å redusere matsvinnet. Landbruksstrategien finn du her.

#### Resultatmål 1:

**I Møre og Romsdal skal vi konsumere mat på ein berekraftig måte (M1)**

##### Vi skal:

- arbeide aktivt med å redusere matsvinnet i alle verksemder, skular og hushaldningar.
- auke forbruket av lokalt produsert mat mellom anna ved å ta i bruk nye salskanalar.
- auke produksjon og forbruk av økologisk mat.
- arbeide for meir privat, småskala matproduksjon og auke kunnskapen om eigenproduksjon av mat.

#### Resultatmål 2:

**Grøn og blå sektor skal redusere sine klimautslepp og verknad på miljø (M7)**

##### Vi skal:

- i størst mogleg grad basere produksjon på bruk av lokale innsatsfaktorar.
- arbeide for mindre klimautslepp og verknad på miljø i blå sektor gjennom mellom anna meir miljøvennlig transport, nullutslepps fartøy, betre fôrutnytting og betre utnytting av biprodukta.
- arbeide for mindre klimautslepp og verknad på miljø i grøn sektor ved blant anna betre utnytting av husdyrgjødsel, auka drenering, mindre transport og endring av fôrsamansetting.
- ta i bruk ledig og egna areal for å auke produksjonen av korn, frukt og grønsaker.
- arbeide for å ta i bruk og utnytte nye innovative metodar og forskingsbasert kunnskap.

#### Måleindikatorar

- Utsortert matavfall levert til kommunalt renovasjonsselskap
- Klimagassutslepp frå landbruket
- Klimagassutslepp frå fiskefartøy



## OMSTILLING

### 2.5 Energi

Møre og Romsdal treng tilstrekkeleg tilgang på fornybar kraft til mellom anna drift av bygg, transport på land, bane, til sjøs og i luftfarten, og til ny og eksisterande industri på fastlandet og offshore. I tillegg til at det må være tilstrekkeleg tilgang på fornybar energi, må det også vere tilstrekkeleg effektkapasitet i infrastrukturen for dei aktuelle energiberarane. For å nå klimamåla må bruken av fossile energikjelder fasast ut, og det må satsast på både redusert energibruk og ny fornybar energiproduksjon.

All utbygging av meir fornybar energi vil truleg møte meir eller mindre motstand, og det vil vere nødvendig med gode og kloke prosessar for å unngå store konfliktar. Utbygging av fornybar energi må skje i eit tempo og eit omfang som ikkje gir uakseptable verknader for lokalsamfunn og viktige miljø-, kultur- og samfunnsinteresser.

#### Resultatmål 1:

I Møre og Romsdal skal vi ha ein velfungerande infrastruktur for distribusjon av elektrisitet og andre energiberarar (V7)

##### Vi skal:

- forberede oss på utfordringane i nettkapasiteten som er avdekkja i kraftsystemutgreiinga, til dømes ved å ta i bruk ulike former for fleksibilitet.
- arbeide for at alle nødvendige føremål i heile fylket er sikra tilstrekkeleg kapasitet og avbrotsfri tilgang til elektrisitet
- ta omsyn til natur, klima og arealbruk ved etablering av ny infrastruktur.
- legge til rette for ein infrastruktur for distribusjon av fornybar energi til transport både på land, bane, til sjøs og i lufta, og til ny og eksisterande industri på fastlandet og offshore.
- på regionalt nivå avklare aktuelle grøne industriområde og industriparkar som sikrar tilgang til areal, energiforsyning og infrastruktur til framtidige industrietableringar.

#### Resultatmål 2:

I Møre og Romsdal skal vi energieffektivisere og produsere meir fornybar energi (M5)

##### Vi skal:

- kartlegge potensialet for ny fornybar energiproduksjon i fylket.
- legge til rette for å redusere overskotsvarme og betre utnytte gjenverande overskotsvarme i eksisterande industri og ved nye etableringar.
- ta omsyn til natur, klima og arealbruk ved etablering av ny energiproduksjon.
- legge til rette for å etablere meir vasskraft og oppgradere eksisterande anlegg samt gjere det attraktivt å avlaste elektrisitetsnettet ved å produsere eigen kraft.
- legge til rette for å etablere auka produksjon av ny fornybar energi, i alle former, på areal som allereie er nær eksisterande infrastruktur.

#### Måleindikatorar

- Årleg elektrisk energibruk i Møre og Romsdal [TWh]. Kjelde: [NVE, Avbruddsstatistikk](#)
- Fornybar kraftproduksjon i Møre og Romsdal [TWh]. Kjelde: [NVE, Status for ny vannkraftproduksjon](#), [NVE, Utbygde vindkraftverk i Norge](#), [NVE, solkraft](#)



12 ANSVARLEG  
FORBRUK OG  
PRODUKSJON



13 STOPPE  
KLIMAENDRINGANE



17 SAMARBEID  
FOR Å NÅ MÅLA

## INVOLVERING OG KOMPETANSE

### 3.1 Involvere, bevisstgjere og engasjere til handling

Det er avgjerande at omstillinga vi må gjennom har legitimitet i befolkninga og skapar handling hos den enkelte. Vi ønsker eit samfunn med god informasjon som skaper tillit, nysgjerrigkeit og engasjement. Klima-, miljø- og energipolitikk må opplevast rettferdig og ikkje bidra til å auke skilnader i samfunnet. Det skal vere lett for den enkelte å gjere gode miljøval i kvardagen, og å forstå korleis vår aktivitet påverkar klima og miljø.

#### Resultatmål 1:

I Møre og Romsdal skal vi kommunisere godt med befolkninga om klima og miljø (S4)

##### Vi skal:

- aue kompetansen om kommunikasjon som eit strategisk verktøy.
- bruke kvardagsarenaer for å auke bevisstgjering og handling frå den enkelte.
- gjere det enklare å ta gode klima- og miljøval i kvardagen ved å legge til rette, gi god informasjon og vise gode døme.
- ta i bruk nye verktøy og metodar for involvering og samskaping .

#### Resultatmål 2:

I Møre og Romsdal skal vi forsterke dei etablerte organisasjonane sitt arbeid med klima og miljø (I4)

##### Vi skal:

- rette tilskotsordningane slik at arbeid innan klima og miljø blir styrka.
- etablere fagnettverk retta mot klima- og miljøarbeid mellom organisasjonane.
- styrke og bruke dei eksisterande sentera og kompetansemiljø sin kunnskap og formidlingsevne.
- samarbeide om arrangement, festivalar og mindre happenings.

#### Måleindikatorar

- tal på medlemmar i nettverk?
- tal tilskot?
- Gjenta befolkningsundersøking?



4 GOD UTDANNING



12 ANSVARLEG FORBRUK OG PRODUKSJON



13 STOPPE KLIMAENDRINGERANE



17 SAMARBEID FOR Å NÅ MÅLA

## INVOLVERING OG KOMPETANSE

### 3.2 Kompetanseheving og kunnskapsutvikling

For å lukkast med den grøne omstillinga trengst både brei og spesialisert kunnskap og kompetanse. Det er viktig at vi kjenner til den nyaste kunnskapen på relevante fagområde. Samtidig vil det vere viktig å utvikle ny kompetanse som det vil vere behov for i framtidas samfunn. Å legge til rette for kontinuerleg kunnskapsutvikling og kompetanseheving i heile samfunnet vil vere sentralt.

Fylkesstrategi for kompetanse, som er under utarbeiding, vil tydeleggjere korleis arbeidslivet, utdanningsinstitusjonane og andre aktørar i Møre og Romsdal skal samarbeide om å sikre offentleg sektor og næringsliv den kompetansen som trengs framover. Fylkesstrategi for miljø, klima og energi konsentrerer seg om kunnskaps- og kompetansebehov på overordna samfunnsnivå og peiker på tre hovudområde. Vi treng meir kunnskap og kompetanse om:

- Tilgjengelege verktøy og metodar* for å beregne status, effektar og utviklingstrekk. Det gjeld mellom anna bruk av indikatorar, klimabudsjett- og rekneskap, arealrekneskap, naturrekneskap og livsløpsanalyser.
- Verkemiddelapparat og sentrale rammeverk* som legg føringar for finansiering av den grøne omstillinga. Både lokale midlar, som Skaparkraft, nasjonale midlar som Klimasats, Forskningsrådet og Innovasjon Noreg, og internasjonale rammeverk og midlar, spesielt frå EU er sentrale.
- Heilskap, systemforståing og sosial transformasjon.* Den grøne omstillinga må rammast inn og løysast som ei sosial og systemisk omstilling. Vi må forstå dei bakanforliggende, strukturelle årsakene til både miljø- og samfunnksrisane vi står i, og fokusere mindre på symptombehandlinga. For å lukkast med det, treng vi meir kompetanse om effekten av samfunnsstrukturane vi har bygd og vår felles verdigrunn, samt korleis vi kan endre desse gjennom systeminnovasjon .

#### Resultatmål 1:

I Møre og Romsdal skal vi ha oppdatert kunnskap og kompetanse om verktøy, metodar, rammeverk og verkemiddel som bidrar i den grøne omstillinga (I4)

#### Vi skal:

- auke bruken av regionale, nasjonale og internasjonale finansieringskjelde for klima-, miljø- og energiarbeid.
- auke kompetansen om verktøy for effektbereking av klima- og miljøtiltak.
- auke kompetansen om viktige nasjonale og internasjonale rammeverk og standardar, slik som EUs taksonomi og Horisont Europa.

#### Resultatmål 2:

I Møre og Romsdal skal vi jobbe heilskapleg med klima-, miljø-, og energiområdet og arbeide med sosial transformasjon og systeminnovasjon (V4)

#### Vi skal:

- legge til rette for tverrfagleg samarbeid og utvikling av krysskompetanse på klima-miljø- og energiområdet ved å bruke, og utvikle relevante nettverk, forum, og møteplassar.
- auke kompetansen om sosial transformasjon og systeminnovasjon.

#### Måleindikatorar

- Auka talet forskings- og innovasjonsprosjekt på området både i tal og sum (f.eks. klimasats, EU-prosjekt og forskings- og innovasjonsprosjekt)
- Delen kommunar som brukar klimabudsjett og rekneskap og areal- og naturrekneskap

## Oppfølging

### Samarbeid

Møre og Romsdal fylkeskommune er ein stor innkjøpar som kan bruke innkjøpsmakta til å få ned klimagassutslepp og drive næringsutviklinga i klimavenleg retning. Men fylkeskommunen kan ikkje løyse alle utfordringane knytt til natur, klima og energi aleine. Alle må bidra; kommunar, statsetatarar, næringsliv, forskings- og kompetansemiljø, frivillige organisasjonar, befolkning og andre sentrale aktørar i fylket. Denne strategien skal legge til rette for samarbeid mellom anna ved å stake ut ein felles kurs.

Alle kan bidra med å:

- følgje «vegkart» og rettleiingar for sektoren.
- lage eigen strategi for korleis ein kan kutte utslepp knytt til eigen aktivitet, samt sette av ressursar for å gjennomføre strategien.
- lage klimarekneskap og klimabudsjett for eigen aktivitet og bruke det aktivt til å gjennomføre tiltak i eigen organisasjon/verksemd/aktivitet.

Alle som gjer innkjøp kan stille klima- og miljøkrav til:

- produktinnkjøp
- driftskontraktar
- transport
- innkjøp av mat og måltidtenester

Alle kan bidra med å delta i:

- nettverk
- FoU-prosjekt
- utgreiingar
- pilotar
- påverknad på statlege rammevilkår
- haldningsskapande arbeid

### Fylkeskommunen

Fylkeskommunen rår sterkest over vedtak om tiltak i eiga verksemd, aktivt eigarskap, tildeling av tilskot og kravstilling i innkjøp. Til dømes kan fylkeskommunen bevege leverandørmarknaden og verdikjedane i ei meir berekraftig retning gjennom innkjøp. Fylkeskommunen kan dermed påverke dei direkte utsleppa frå kollektivtrafikken i stor grad og dei indirekte og direkte utsleppa frå forbruk og eigen bygningsmasse. Fylkeskommunen skal også ivareta eller gjennopprette naturverdiar i nye og eksisterande utbyggingsarbeidet innanfor bygg og samferdsel, til dømes sikre fiskevandring gjennom stikkrenner og kulvertar. Kor stor påverknad fylkeskommunen har er òg avhengig av økonomiske rammer og prioriteringar.

Tiltak på dei fleste områda vil krevje samarbeid. Fylkeskommunen kan spele ei viktig rolle som koordinator, særleg for tiltak som krev samspel mellom kommunar og/eller einskilde private aktørar, så som utbygging av landstraum, tiltak for å redusere avfallsmengder og matsvinn, og nullutslepp på bygg- og anleggspllassar. Møre og Romsdal fylkeskommune har etablert ei støtteordning knytt til offentleg-privat samarbeid kor berekraftige løysingar blir prioritert. Fylkeskommunen driv

omstillingsprosjekt i programmet Skaparkraft der fokuset er på grøn omstilling. Programmet er retta mot næringslivet.

På andre område må fylkeskommunen vere ein pådrivar overfor statleg nivå, til dømes for å gje nasjonale incentiver eller påbod som fører til høg nullutsleppsandel for nybilsal, stønad til ambisiøse tiltak på industriverksemder, påbod om nullutsleppssonar, tilskot til omstilling og liknande.

Fylkeskommunen har og verkemiddel innan kompetansebygging, så som planrettleiing og anna fagrettleiing, regionale forskingsfond, vidaregåande skular samt økonomisk stønad til høgare utdanningsinstitusjonar og regionale forskingsmiljø. Til dømes finansierer Møre og Romsdal fylkeskommune seks stipendiatstillingar knytt til sirkulære system ved NTNU og det blir stilt krav til berekraft i prosjekt som får støtte gjennom regionale forskingsfond (RFF) og MoBPRO.

Fylkeskommunen er løyvestyresmak for drosjar og kan gje påbod om at drosjekøring innanfor ein kommune skal drivast med motorvogn som har ei øvre grense for miljøskadeleg utslepp eller nullutslepp. Det skal setjast ein frist på minst fire år for å oppfylle krava.

Fylkeskommunen har ei rekke forvaltningsoppgåver knytt til ivaretaking av natur og miljø. Som vassregionmyndighet i Møre og Romsdal vassregion koordinerer vi arbeidet med vassforskrifta for å oppnå god tilstand i kyst og vassdrag, vedtar regional vassforvaltningsplan som leggast til grunn for kommunar og andre sektormyndigheter si verksemd, og sikrar at miljømål i plan blir oppfylt.

Fylkeskommunen har også forvaltningsansvaret for haustbare viltartar, og skal sørge for at viltet sine leveområde vert ivaretatt i kommunale planar. I tillegg har fylkeskommunen ansvaret for forvaltning av innlandsfisk, og for kystseljakta. Når det gjeld akvakulturforvaltning, er fylkeskommunen tildelingsmyndighet etter akvakulturlova og har ansvaret for å koordinere søkerprosessen med sektormyndigheter og kommunar. Fylkeskommunen skal gjere ei samla vurdering før løyve kan bli gitt. Då må fylkeskommunen vekte forskjellige interesser og vurdere om lokalitetstildelinga er miljømessig forsvarleg.

## Kommunane

Kommunane rår sterkest over vedtak om tiltak i eiga verksemd, aktivt eigarskap og kravstilling i innkjøp. Ein oppnår størst effekt om ein sett i gang sektorovergripande og strukturelle tiltak.

Kommunane kan påverke gjennom fysisk tilrettelegging:

- utbygging av ladeinfrastruktur og regulering av areal til energistasjonar
- landstraum/utsleppsri hamn
- tilrettelegging for sykkel og gange
- gate og parkeringsbestemmingar
- etablere innfartsparkering
- arealplanlegging som minkar transportbehov og følge opp at utsleppsreduserande tiltak i overordna plan ikkje blir «utvanna» ved fråvik eller dispensasjonar i detaljplan eller byggesak.

Kommunane kan påverke gjennom forbod og påbod:

- restriksjonar på parkeringsplassar/ein parkeringspolitikk som støttar opp om meir miljøvenleg transport, til dømes dyrare parkering og færre parkeringsplassar
- klimakrav til utbyggjarar i reguleringsplanar
- nullutsleppssonar

Merk at kommunens heimel til å innføre forbod og påbod er avgrensa og kan krevje juridisk vurdering.

Kommunane kan påverke gjennom økonomiske verkemiddel:

- miljødifferensierte parkerings- og bomtakstar
- tilskotsmidlar
- følge opp tiltak i klima- og energiplan (eventuelt samfunnssdelen) i økonomiplan og budsjett

Kommunen er lokal planmynde. Kommunane har ansvar for å utarbeide ein kommuneplan med samfunnssdel og arealdel, og for å lage ein kommunal planstrategi. I tillegg skal kommunane sørge for at det vert utarbeidd reguleringsplanar. Kommunal planlegging skal legge til rette for å utvikle kommunesamfunnet og avklare korleis areala i kommunen kan brukast. Planlegginga skal ivareta kommunale, regionale og nasjonale mål, interesser og oppgåver. Kommunen skal sørge for at planprosessane er opne og føresieilege. I planarbeidet skal kommunen legge til rette for medverknad frå innbyggjarar, næringsliv, organisasjonar, institusjonar og offentlege organ.

Kommunen skal også passe på at dette skjer når private utarbeider planforslag. Alle planar skal innehalde ei beskriving av formålet med planen, hovudinhaldet i planen og korleis planen vil påverke miljø og samfunn. For mange planar vil det vere krav om at det vert utarbeidd ei konsekvensutgreiing.

## Statsetatar

**Statsforvaltaren** skal bidra til at regjeringa si miljø- og arealpolitikk blir gjennomført på regionalt og lokalt nivå. Verkemiddel og oppgåver:

- Skal arbeide for å redusere utslepp av klimagassar på ei rekke område. Bindeledd mellom nasjonal klimapolitikk og kommunar og andre aktørar i fylket.
- Er forvaltingsmynde i dei fleste naturreservata.
- Ansvar for forvaltninga av laks, sjøaure og sårbare bestandar av innlandsfisk. Deler ut tilskott frå det statlege fiskefondet.
- Ansvar for å vurdere om oppdrettsanlegg kan komme i konflikt med regionale og nasjonale arealinteresser. Gir utsleppsløyve.
- Ansvar for å ivareta nasjonale friluftsinteresser knytt til strandsona, vassdrag og fjellområde.

**Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE)** er underlagt Olje- og energidepartementet og har ansvar for å forvalte vass- og energiressursane til landet. NVE varetak også dei statlege forvaltingsoppgåvene innanfor skredførebygging. Oppgåver:

- Sikre ei samla og miljøvenleg forvalting av vassdraga, fremme ein effektiv kraftomsetnad, kostnadseffektive energisystem og bidra til ein effektiv energibruk.
- Gjere samfunnet betre rusta til å handtere flaum- og skredfare og er sentrale i beredskapen for ras, flaum og ulykker i vassdraga.
- Leier den nasjonale beredskapen på kraftforsyning. Vidare er det NVE som behandler søknader om konsesjon for bygging av kraftstasjonar, kraftlinjer, transformatorar og andre installasjonar i kraftforsyninga, og regulering av vassdrag.
- Arbeider både med endringar som bidreg til å redusere utsleppa frå klimagassar og til å tilpasse samfunnet til klimaendringane.
- Forskins- og utviklingsarbeid, internasjonalt utviklingsarbeid og er nasjonal faginstitusjon for hydrologi.

## Næringsliv

Næringane kan bidra med tiltak i eiga verksemd, prosessar og bygningsmasse. Om det finst eigne «vegkart» for næringa bør dei følgast. Kvar bedrift bør lage eigen strategi for korleis dei kan kutte utslepp knytt til verksemda, samt sette av ressursar for å gjennomføre strategien. Deltaking i nettverk som til dømes Klimapartnere kan gi viktig inspirasjon og rettleiing for å gjennomføre gode tiltak i eiga bedrift.

## Forskins- og kompetansemiljø

Forskins- og kompetansemiljø og utdanningsinstitusjonar kan bidra med ny kunnskap, kompetanseheving og undervisning. Dei kan bidra med formidling av forsking og bidra i samfunnsdebatten.

Dei kan og legge til rette for aktivitetar for barn og unge slik at dei tidleg får kunnskap og interesse for klima og miljø.

## Frivillige organisasjonar

Frivillige organisasjonar har ei viktig rolle i klimaarbeidet, både når det gjeld utsleppsreduksjonar og klimatilpassing, og i arbeidet med ivaretaking av miljø. Mange av organisasjonane jobbar med miljø-, klima- og energitiltak i kraft av sin føremålsparagraf – til dømes Naturvernforbundet, Natur og Ungdom, husflidslaga og speidarane. Organisasjonane når ut til mange gjennom aktivitetane som dei tilbyr, dei formidlar kunnskap og informasjon, og har dermed moglegheit til å påverke til god val i kvardagen. Frivillige kan vere gode bidragsytarar til folkeforskning og kartlegging av natur. Dei er også overvakarar av natur og seier ifrå om det er noko som ikkje er til fordel for naturmangfaldet. Mange frivillige organisasjonar er viktige forvaltarar og forbrukarar av naturen, t.d. ved å bidra til å regulere bestandar av haustbart vilt og til å halde nede skadelege og framande artar.

Frivillige organisasjonar kan spreie gode rutinar for innkjøp, avfallshandtering i anlegg og under arrangement, transport, reise og møteverksemd. Til dømes:

- Samkøyring, bruk av sykkel og kollektivtransport på veg til trening/konkurransar og anna aktivitet.
- Oppfordre til kortreist aktivitet når det gjelder trening og konkurransar.
- Bruk av digitale møter for å reise mindre.
- Innføre krav til gjenbruk av utstyr, som personleg utstyr, drakter osb.
- Oppfordre sponsorar til å behalde logoar, for å sleppe unødvendig bytte av drakter/uniformer og klede når logoen til ein sponsor blir endra.
- redusere plastforbruket i idretten og minimere omfanget av plast på avvege.
- Medvit rundt kva mat som blir tilbode på arrangement.
- Følge reglane som gjeld kunstgrasbaner og handtering av kunstgrasgranulat og jobbe med å forbetre dagens løysingar.

Frivillige organisasjonar kan og jobbe for at energieffektivisering i idrettsanlegg, kulturbrygg, snøproduksjon i skianlegg og oppkøyring av skiløyper skal lønne seg. Til dømes bør ein jobbe for å få det inn i spelemiddelordninga på en slik måte at det mest miljøvennlege alternativet blir kompensert.

## Befolknинг

Kva kan du og eg gjere? Det er mange ting vi som enkeltmenneske kan gjere, til dømes:

- Vel så miljøvenleg transportform som du kan. Gå og sykle om det er mogleg.
- Bruk smartare, vel god kvalitet og produkt som kan reparerast. Det gir mindre bruk av energi (mange varer produsert i utlandet er produsert med straum basert på kolkraft eller andre kjelder som ikkje er fornybare) og mindre bruk av jordas ressursar. Forhåpentleg tek du og betre vare på tinga dine om du har kjøpt eit produkt av god kvalitet som kostar litt meir.
- Etterspør «grøne» produkt.
- Dyrk mat sjølv om du har moglegheit. Det er rom for alt, frå ei potte basilikum i vinduskarmen til å vere sjølvforsynt.
- Skal du bytte bil? Vel ein brukt bil som nytta fornybart drivstoff eller el. Ikkje kjøp større bil enn du faktisk treng. Ein stor bil krev meir ressursar og råvarer å produsere enn ein mindre og han slit meir på dekk og vegbane, som gir meir forureining av til dømes mikroplast frå bildekka.
- Skal du pusse opp? Vurder å gjennomfør energieffektiviseringstiltak som til dømes etterisolering, skifte av vindauge og bytte til fornybar energikjelde (varmepumpe, solceller mv.) samstundes. Oppussing førar til klimagassutslepp når varene vert produserte og transporterte. Samtidig blir det mykje avfall frå oppussing. Så tenk deg om på førehand om det eigentleg er nødvendig.
- Snakk om berekraft, klima, natur, ombruk, gjenbruk og energibruk!

## Andre sentrale aktørar

## Omgrep

Omgrep det er nyttig å ha felles mening bak:

**Arealnøytralitet:** Det finnes per i dag ingen offisiell norsk definisjon av omgrepene. Grunnleggande handlar omgrepene om å bruke opp att og fortette allereie utbygde areal framfor å bygge ut meir natur. Møre og Romsdal fylkeskommune har utarbeidd eit eige [notat](#) (sak U-70/22) som beskriv kva ein kan legge i omgrepene arealnøytralitet. Omgrepene er også diskutert i kunnskapsgrunnlaget tilhøyrande denne strategien.

**Blå sektor:** omfattar havnæringane blant anna maritim og marin sektor, offshore olje og gass, samt nye framveksande havnæringar som biomarin industri, havvind og gruvedrift under vatn.

**CO<sub>2</sub>-ekvivalenter (CO<sub>2</sub>e):** Eining tilsvarande effekten ei gitt mengd CO<sub>2</sub> har på den globale oppvarminga. Forskjellige gassar har forskjellig oppvarmingseffekt. Dei reknast derfor om til CO<sub>2</sub>-ekvivalenter for enklare samanlikning.

**Direkte utslepp:** Utslepp som skjer innafor eit geografiske område (fylkesgrensa) eller direkte utslepp frå kjelder verksemda eig eller kontrollerer.

**Energiberar:** Fysisk form som energien er bunden i, slik at den kan nyttast seinare eller på ein annan plass. Energikjelder som gass, olje og elektrisitet kan også være energiberarar.

**Fornybar energi:** Energiressurs som inngår i jorda sitt naturlege kretsløp (vatn, sol, bio- og vindenergi).

**FylkesROS:** skal gi oversikt over risiko og sårbarheit i fylket, danne felles plattform for å førebygge uønskte hendingar og styrke samordninga av regionalt arbeid med beredskap og krisehandtering (ROS =risiko- og sårbarheitsanalyse),

**God økologisk tilstand:** ein tilnærma intakt natur med velfungerande økosystem. Måten systemet for vurdering av tilstand er bygd opp gjer det mogleg å måle om tilstanden endrar seg, sette politiske mål på korleis tilstanden skal være, og eventuelt innføre tiltak for å nå måla.

**Grøn sektor:** Primær- og sekundærnæring knytt til matproduksjon på land, skogsdrift og foredling.

**Indirekte utslepp:** Utslepp som fysisk skjer utanfor eit gitt geografisk område (til dømes fylkesgrensa), men som eit resultat av aktivitet innafor det geografiske området. Indirekte utslepp er ofte mykje høgare enn direkte utslepp. Kjøp av produkt produsert utanfor kommunegrensa er eit døme på indirekte utslepp for kommunen.

**Karbonbudsjett:** viser kor mykje CO<sub>2</sub> vi maksimalt kan sleppe ut fram til vi når eit nullutsleppssamfunn dersom vi skal ha moglegheit til å halde oppvarminga under 2 eller 1,5 grader.

**Klima:** Kan definerast som eit gjennomsnitt av været (temperatur og nedbør) over ein 30-års periode. Klima er vær over tid, beskrive ved normalår (gjennomsnittsverdiar), variasjonar og ekstremverdiar.

**Klimagass:** Gass som tar opp og avgir varmestråling i atmosfæren, og som bidreg til økt drivhuseffekt.

**Klimagassutslepp:** Omfattar som regel utslepp av alle typar gassar som påverkar atmosfæren og dermed klimaet, karbondioksid (CO<sub>2</sub>), metan (CH<sub>4</sub>), lystgass (N<sub>2</sub>O) og f-gassar. Er til vanleg uttrykt i tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalentar (CO<sub>2</sub>e).

**Klimanøytralitet:** Ein tilstand der menneskeleg aktivitet ikkje gir noko nettoeffekt på klimasystemet. Det vil seie at menneskeskapte utslepp av klimagassar er balansert med fjerning av klimagassar frå

atmosfæren. Netto null er eit mål om å oppnå null utslepp av klimagassar anten ved å stoppe alle utslepp eller ved å bruke teknologiske løysingar eller aktiv forvalting av naturen som ryddar opp igjen etter utslepp, altså fjernar utslepp frå atmosfæren.

**Klimatilpassing:** Tiltak for å tilpasse seg klimaet i dag og/eller framtida og dei konsekvensane som følger med klimaendringar.

**Klimatiltak:** Tiltak for å redusere klimagassutslepp.

**Kulturmiljø:** er ei samlenemning for kulturminne, kulturlandskap og kulturmiljø. Eit kulturmiljø er eit område der kulturminne inngår som del av ein større heilskap eller samanheng. Kulturmiljøet inneheld spor etter menneskeleg aktivitet og historie som omgjev oss. Det kan vere alt frå gravrøysar, kyrkjer, steinalderbuplassar og kvernhus. Eit kulturmiljø er heilskapen og samanhengen i eit område

**Lineær økonomi:** Tradisjonell, moderne økonomi. Råstoff frå naturen blir til varer som forbrukast eller konsumerast, før heile eller deler av det blir til avfall.

**Naturbaserte løysingar:** Å brukenatur, naturlege prosessar og økosystem, eller etterlikne desse, til å løye utfordringar knytt til klimaendringar som t.d. flaum, overvatn, motverke skred og erosjon.

**Naturindeks:** måler og vurderer tilstand og utvikling i hovudøkosistema hav, kyst, elver og innsjøar, våtmark, skog, kulturlandskap og opne låglandsområde, og fjell, ved hjelp av måleindikatorar.

**Naturmangfold:** summen av mangfaldet i naturen. Kan også kallast biologisk mangfold. Inkluderer mangfaldet av artar, det genetiske mangfaldet innanfor ein art og mangfaldet av økosystem som artane lever i.

**Netto nullutslepp:** Synonym til klimanøytralitet.

**Referansebygg:** Representerer eit nullscenario der bygget ville vorte oppført med standard løysingar utan spesielle omsyn til klima.

**Tiltakshierarki for arealbruk:** Beskriv korleis ei rekke tiltak i prioritert rekkefølge skal gjennomførast for å unngå og redusere negative konsekvensar og vesentleg skade for miljø og samfunn ved ulik arealbruk. Tiltakshierarkiet: 1. unngå, 2. avbøte, 3. restaurere 4. kompensere

**Sambruk av bygg:** Areal brukast av fleire og fleire timar kvar dag, for eksempel både dag og kveld.

**Sirkulær økonomi:** Målet med den sirkulære økonomien er å utnytte alle ressursar best mogleg. Minst mogleg skal bli kasta som avfall, men bli haldt i eit kretsløp der stadig resirkulering fører til mindre behov for å ta ut nye råvarer. Restråstoff og avfall får dermed ein verdi og blir ein ressurs.

**Sosial transformasjon:** Ein sosial transformasjon er ein radikal endring eller ei grunnleggande omstilling i måten vi forstår eller organiserer samfunnet vårt på. Det kan gjelde endringar i sosiale strukturar, system og institusjonar. Det kan også referere til store endringar i måten vi forstår samfunnet på, grunnleggande verdiar og våre relasjonar til kvarandre og verda rundt oss.

**Systeminnovasjon:** System og strukturarar i samfunnet har stor innverknad på mogleghetsrommet for endringar. Innoverer vi systema våre kan det dermed opne seg heilt nye måtar å forstå og bygge samfunnet på. Systeminnovasjon kan ofte vere prosessen som leder til sosial transformasjon.

**Økosystemtenester:** Gode og tenester som naturen gir oss og som bidreg direkte og indirekte til vår velferd. Eksempelvis fotosyntese, primærproduksjon og næringsstoffsretsløp, mat og reint

drikkevatn, pollinering, klimaregulering, rekreasjon og opplevingar, religiøse verdiar og naturarv m.m.

## Kjelder

[Sjette hovedrapport frå FN sitt klimapanel \(IPCC\)](#). Miljødirektoratet er knutepunkt for FNs klimapanel (IPCC) i Norge og formidlar kunnskap frå rapportane.

[Spesialrapportar frå FN sitt klimapanel \(IPCC\)](#). Miljødirektoratet er knutepunkt for FNs klimapanel (IPCC) i Norge og formidlar kunnskap frå rapportane.

[Naturpanelets \(Ipbes\) rapport om verdier og verdsætting av natur \(2022\)](#). Miljødirektoratet er knutepunkt for Naturpanelet og leder den norske delegasjonen.

[Naturpanelets \(Ipbes\) rapport om berekraftig bruk av ville dyr og planter \(2022\)](#). Miljødirektoratet er knutepunkt for Naturpanelet og leder den norske delegasjonen.

[Naturpanelets \(Ipbes\) rapport om naturens tilstand \(2019\)](#). Miljødirektoratet er knutepunkt for Naturpanelet og leder den norske delegasjonen.

[Regional planstrategi for Møre og Romsdal 2020-2024](#)

[Fylkesplan for berekraftfylket Møre og Romsdal 2021-2024](#).

[Regional vassforvaltningsplan for Møre og Romsdal vassregion 2022-2027](#)

Kunnskapsgrunnlag for fylkesstrategi for miljø, klima og energi 2023-2026

[Norges nasjonale miljømål](#)

[Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging](#)

[Konvensjonen om biologisk mangfold](#)

[Meld. St. 14 \(2015-2016\) Natur for livet –Norsk handlingsplan for naturmangfold](#)

[Klimatilpasning av naturmiljø](#)

[Hurdalsplattforma \(PDF\)](#)

[Kraftsystemutredninga for Møre og Romsdal](#), Elinett, 2022.

[Utsleppsanalyse mot 2030 for Vestland fylkeskommune](#), CICERO, 2022

[Store norske leksikon](#)

## Vedlegg

### Oversikt over langsiktige utviklingsmål, fylkesplanmål og resultatmål i fylkesstrategien

(TIL INTERN OPPFØLGING i FYLKESKOMMUNEN)

## SAMARBEIDSFYLKET

### Møre og Romsdal skal vere eit føregangsfylke på samarbeid

Nr.	Fylkesplanmål Møre og Romsdal skal:	Resultatmål i fylkesstrategi for miljø, klima og energi
S1	Utvikle eit tettare og meir forpliktande samarbeid mellom offentlege aktørar, frivilligheit, næringsliv og kulturliv for å følgje opp FN sine berekraftmål.	
S2	Samordne dei offentlege ressursane og kompetansen for å møte samansette behov hos eldre, barn og unge, innvandrarar, personar med nedsett funksjonsevne og andre utsette grupper.	
S3	Samarbeide med europeiske interesseorganisasjonar og aktørar for å bidra til politikkutforminga i EU, hente kunnskap og midlar til utviklingsprosjekt, samt etablere samarbeid med eit «vennskapsfylke» om berekraftmåla.	
S4	Ha eit levande lokaldemokrati der alle innbyggjarane, uansett bakgrunn, kan vere med å påverke det offentlege tenestetilbodet og delta i utforminga av sine lokalsamfunn.	I Møre og Romsdal skal vi kommunisere godt med befolkninga om klima.

## MILJØFYLKET

### Møre og Romsdal skal bli miljøfylke nr. 1

Nr.	Fylkesplanmål Møre og Romsdal skal:	Resultatmål i fylkesstrategi for miljø, klima og energi
M1	Redusere klimagassutsleppa slik at fylket er klimanøytralt i 2030, og bidra til 55 prosent kutt i ikkje-kvotepliktig sektor.	I Møre og Romsdal skal vi ha berekraftige bygg og infrastruktur.  I Møre og Romsdal skal vi legge til rette for framtidas transportløysingar.  I Møre og Romsdal skal vi konsumere mat på ein berekraftig måte.  Grøn og blå sektor skal redusere sine klima- og miljøutslepp.

M2	Forvalte sjø- og landareala slik at det blir lagt til rette for berekraftig verdiskaping, basert på ein arealbruk som avgrensar behovet for transport, og hindrar unødvendige landskapsinngrep.	I Møre og Romsdal skal vi ha mål om arealnøytralitet.  I Møre og Romsdal skal vi ha ei arealforvaltning som vernar om viktige landskap, ressursar og økosystem på land og i sjø.
M3	Ha god tilstand på 90 prosent av økosistema både på land og i vatn, og stanse tap av naturtypar og artar.	I Møre og Romsdal skal vi ha god tilstand i minst 90 % av økosistema.  I Møre og Romsdal skal vi stanse tap av artar og naturtypar/økosystem.
M4	Bevare viktige landskap, og redusere tapet av verdifulle kulturminne og kulturmiljø til under 0,4 prosent årleg.	
M5	Basere auka produksjon og bruk av energi på energieffektivisering, fornybare energikjelder og utsleppsfri energi.	I Møre og Romsdal skal vi energieffektivisere og produsere meir fornybar energi.
M6	Førebygge at uønskte hendingar skjer, og ha ein fysisk, digital og organisatorisk infrastruktur som er rusta til å takle klimaendringar og akutte kriser.	I Møre og Romsdal skal vi ha eit samfunn og ein infrastruktur som er tilpassa eit framtidig klima.  I Møre og Romsdal skal vi ha oversikt over risiko og sårbarheit knytt til klimaendringar i fylket.
M7	Ha ein leiande posisjon i utviklinga av ein grøn sirkulær økonomi med høg grad av gjenbruk, og god avfallshandtering.	I Møre og Romsdal skal økonomien vere 40 % sirkulær innan 2030.

## INKLUDERINGS- OG KOMPETANSEFYLKET

**Møre og Romsdal skal vere eit attraktivt og mangfaldig fylke der folk vel å bu**

Nr.	Fylkesplanmål Møre og Romsdal skal:	Resultatmål i fylkesstrategi for miljø, klima og energi
I1	Ha nærmiljø og lokalsamfunn som fremmer god fysisk og psykisk helse, og er prega av tillit, tilhørsle, tryggleik og tilgjenge.	
I2	Ha ei tannhelseteneste med god kvalitet, pasienttryggleik og høg kompetanse, som gir prioriterte grupper god tannhelse.	
I3	Ha spesialisthelsetenester med høg kvalitet som gjer at innbyggjarar i alle delar av fylket er trygge på at dei får nødvendig helsehjelp når dei treng det.	
I4	Ha eit utdannings- og kompetansetilbod som møter behova i samfunnet og fører til inkludering, integrering, verdiskaping, nytenking og livslang læring.	I Møre og Romsdal skal vi ha oppdatert kunnskap og kompetanse om verktøy, metodar, rammeverk og verkemiddel som bidrar i den grøne omstillinga.

		I Møre og Romsdal skal vi forsterke dei etablerte organisasjonane sitt arbeid med klima og miljø.
I5	Ha inkluderande og trygge byar- og tettstader med sær preg, som tilbyr gode bummiljø og offentlege rom, attraktive arbeidsplassar, eit variert kultur- og tenestetilbod, og miljøvennleg transport.	I Møre og Romsdal skal vi ha reisevanar som er betre for både miljø og folkehelsa.
I6	Ha eit kultur og fritidstilbod som er relevant og tilgjengeleg for alle, og frivillige lag- og organisasjonar som skaper mangfald og engasjement.	

## VERDISKAPINGSFYLKET

**Møre og Romsdal skal ha eit internasjonalt leiande næringsliv og ein innovativ offentleg sektor**

Nr.	Fylkesplanmål Møre og Romsdal skal:	Resultatmål i fylkesstrategi for miljø, klima og energi
V1	Ha eit omstillingsdyktig næringsliv som grip moglegitene i det grøne skiftet og opprettheld og styrkar si internasjonale konkurranseskraft.	
V2	Skape fleire og betre nyetableringar og løfte fram bedrifter med potensial for vekst og internasjonalisering.	
V3	Vere leiande i arbeidet med å skape lokale og miljøvennlege produkt og tenester, basert på lokale ressursar og lokal kultur.	
V4	Styrke omstillings- og innovasjonsevna, utnytte digitale mogleheter, og auke bruken av forsking, internasjonalt samarbeid og innovative innkjøp.	I Møre og Romsdal skal vi jobbe heilsakleg med klima-, miljø-, og energiområdet og arbeide med sosial transformasjon og systeminnovasjon.
V5	Ha eit transportsystem som er trygt, smart og miljøvennleg, og er tilpassa innbyggjarane og næringslivet sine behov.	
V6	Ha eit mangfoldig arbeidsliv som legg til rette for likestilling og inkludering, og som legg reglar og avtalar i arbeidslivet til grunn.	
V7	Ha nødvendig nettinfrastruktur og god tilgang på klimanøytral energi for vidare utvikling av nærings- og samfunnsliv.	I Møre og Romsdal skal vi ha ein velfungerande infrastruktur for distribusjon av elektrisitet og andre energiberarar.